



Innkalling
av
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 10.11.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 09.00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Diverse merknader:

- kl. 09.00 Rektorbekjenskt/skulepresentasjon frå barne- og ungdomsskular, pluss vaksenopplæringa i Alver.
- kl. 12.00 startar ordinær sakshandsaming.

Sakliste

Saknr	Tittel
060/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
061/20	Godkjenning av møteprotokoll – 13.10.2020
062/20	Samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins
063/20	Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til endeleg vedtak planprogram
064/20	Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune
065/20	Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2020
066/20	Prioritering av søknader om spelemidlar 2021

3. november 2020

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 03.11.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
060/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 27.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
061/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

13.10.2020 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1458630
13.10.2020

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 29.10.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
062/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	
	Ungdomsråd	

Samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ny avtale mellom Austrheim og Alver kommunar om Kaland skulekrins som ein interkommunal skulekrins vert ikkje etablert. Elevar på 1.-7. trinn i tidlegare Åsheim skulekrins får Lindås barneskule som sin nærskule.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020

Saka skal til innstilling i formannskapet 12.11.2020.

Saka skal avgjerast i kommunestyret 26.11.2020

Bakgrunn

På Litlås (tomt Åsheim) var det bygd skulehus i 1906. Dette bygget brann ned i 1916. Austrheim kommune bygde då ny skule på Kaland. Austrheim var blitt eigen kommune i 1910.

Lindås kommune ville framleis ha skule på Litlås for sine elevar frå nordre del av Lindås kommune. Det vart derfor bygd nytt skulehus på branntomta i 1919 sjølv om tomta låg i Austrheim. Krinsen vart kalla Åsheim. På bakgrunn av skulelova av 1959 vart det foreslått å slå saman Kaland og Åsheim krinsar. Krinsane gjekk i mot, men skulestyra støtta framlegget. Samanslåinga fekk verknad frå hausten 1962. Då vart den interkommunale skulekrinsen Kaland oppretta slik at elevar frå nordre Lindås (tidlegare Åsheim) går på Kaland på barneskulen og på ungdomsskulen på Lindås. (jfr. Austrheim i fortid og notid, bind 1 og 4, 2000-2004).

Saksopplysningar:

Elevar som i dag bur i tidlegare Åsheim skulekrins har i dag anledning til å gå på Kaland skule i Austrheim kommune. Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og dåverande Lindås kommune har til no regulert denne retten. Elevane på barneskulen, 1.-7. trinn, har i følgje denne avtalen Kaland barne- og ungdomsskule som sin nærskule. Elevane i Åsheim-kretsen som skal byrja på ungdomsskulen har etter søknad blitt gjeve retten til å gå på Kaland ut ungdomsskuleåra.

Næraste barneskule og ungdomsskule i Alver kommune er på Lindås. Frå Hope-området i Åsheimkrinsen er det ca. 3 km (frå område ved bensinstasjonen) til Kaland skule. Til Lindås er det ca 9.3 km. Frå punkt ved Keilegavlen til Kaland er det ca. 5,2 km, til Lindås 14.4 km. Denne strekninga er gjennom Austrheim kommune. Frå kryss i Keilo er det tilsvarande ca 2.7 km og 12

km. (kart.hfk.no/skoleskyss). Det er altså kortare reiseveg frå Åsheim-krinsen til Kaland enn til Lindås. Det er god standard på reisevegen til Lindås, for det meste langs fylkesveg 57. Skuleskyss skal organiserast slik at elevane får ei forsvarleg reisetid innafør kommunegrensa, blant anna vil elevane sin alder bli vektlagt. Kva som er akseptabel reisetid vil måtta vurderast i kvart einskild tilfelle.

Til samanlikning er det 9,2 km frå punkt på Veland til Ostereidet barneskule. (12.9 om ein måler heilt frå Nesbø). Frå Hindenes til Ostereidet er det 13,7 km. Frå Skjelanger til Rosslund er det 11.4. Desse døma er på veg med vesentleg dårlegare standard.

Kostnad

Tidlegare avtale mellom Alver (Lindås) og Austrheim kommunar inneber ein grunnsats på 25.000,- pr elev. I tillegg kjem kostnader til spesialpedagogiske og andre tiltak. Austrheim kommune har 15.01.2020 sagt opp gjeldande avtale. Austrheim ønska i utgangspunktet at nytt grunnlag for eventuell ny avtale skal ta utgangspunkt i ordinær gjesteelevsats for Vestland (Hordaland). Ved ein eventuell vidareføring av dem interkommunale avtalen er det no semje mellom kommunane å ta utgangspunkt i ein sats på 35 000,-.

Gjeldande gjesteelevssatsar for kommunane i Vestland (Hordaland)

Grunnsats:	101 500,-
Spesialundervisning timepris barnetrinnet:	1 130,-
Timepris assistant:	330,-

*satsane vert justert i forhold til lønsvekst. Sist justert 01.01.2019.

Døme på kostnad med ulike grunnsatsar og eit elevtal på 35. I talet ligg fast medfinansiering av Austrheim PPT på 120 000,- og estimert spesialpedagogisk kostnad på 1 000 000,-

Grunnsats 25 000 (tidlegare avtale):	875 000,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>1 995 000,-</u>

Grunnsats gjesteelevsats 101 500,-	3 552 500,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>4 672 500,-</u>

Grunnsats 35 000,- (eventuell ny avtale)	1 225 000,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>2 345 000,-</u>

Grunnsats 75 000,-	2 625 000,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>3 745 000,-</u>

Skyss

Elevar frå Åsheimkrinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule har ikkje rett på skyss på grunn av avstand. Elevar frå kringen som går på Lindås vil ha rett til skyss på ordinære fylkeskommunale vilkår. Kommunen betaler refusjon for persontakst for elevar i grunnskulen. Persontakst er laveste pris på ordinær einskildbillett.

Skyskostnad om elevane går på Lindås:

Takst 20,- pr person pr. reise

190 skuledagar (x2 t/r)

2019/2020: 31 elevar

Sum: 235 000,-

Reisetid

Frå Hope er reisetid med buss til skulestopp på Lindås 14-16 min. Frå kryss i Kjeilen til Lindås 15-17 min. Skulebuss frå strekninga langs Keilegavlsvegen vil gje 5-10 min meir reisetid for dei som bur lengst vekke.

Skyss/Kringom, ansvarleg for skuleskyss i Vestland fylkeskommune, har følgjande rettleiande rammer for samla reisetid for elevar:

- Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn

- Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn
- Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn

Kaland skulekrins

Kaland skulekrins er ein interkommunal krins beliggande i Austrheim og Alver kommunar. Elevane som bur i Alver kjem frå tidlegare Åsheim skulekrins.

Elevane frå denne krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule er ikkje gjesteelevar, men har ut frå noverande ordning dette som sin skulekrins. Krinsen har etter gjeldande avtale vore administrert av Austrheim kommune. For at kommunar skal ha anledning til eit slik samarbeid, må kommunane i tillegg til ein samarbeidsavtale ha likelydande forskrift om kva område i kommunane som soknar til denne skulen.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- a. *opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
- b. *det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnad til skyssordning*
- c. *varigheita på avtalen*
- d. *reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- e. *anna som etter lov krev avtale*

(Opplæringslova § 8-1 andre ledd).

Nærskuleprinsippet

Utgangspunktet for nærskuleprinsippet er at nærskulen må liggja i bustadkommunen. Bustadkommunen kan ikkje påleggja ein elev å gå på skule i ein annan kommune (jfr. UDIR: regelverkstolkningar, Fylkesmannen i Nordland 2013, «Nærskuleprinsippetets betydning for fastsettelse av skolekretsgrensar») Elevar i Åsheimkrinsen vil alltid ha ein rett til å gå på næraste skulen i Alver kommune.

Gjesteelevar

Alver har i dag elevar som er gjesteelev i annan kommune. Barn som bur i forsterheim eller er plassert utafor kommunen av barnevernstenesta eller fylkesnemnda, er døme på elevar som er gjesteelevar i annan kommune der Alver har det økonomiske ansvaret.

Kapasitet Lindås barneskule

Lindås barneskule har pr. september 2020 2017 elevar på 1.- 7. trinn. Skulen har ein kapasitet

til 360 elevar. Kjem det t.d. 5 nye elevar på kvart trinn vil det ikkje medføre klassesdeling. Den største klassen på skulen er 1. klasse med 21 elevar. Det største trinnet er 6. trinn med 39 elevar. Dei er delt i to klassar. Det vil ikkje medføra auka kostnader til klassesdeling om elevane frå tidlegare Åsheim krins går på Linds barneskule.

Kommunen sitt ansvar

Kommunen er ansvarlig for å oppfylle opplæringsretten for dei som bur i kommunen. Alver kommune vil fortsatt ha ansvaret for at elevane frå Åsheimkrinsen får oppfylt sin rett til grunnskuleopplæring sjølv om dei går på Kaland. I praksis har ansvaret for opplæringa til desse elvane lagt til Austrheim kommune. Det er ei stor gruppe med elevar tilhøyrande Åsheim/Alver som går på Kaland barne- og ungdomsskule. Utgangspunktet for kommunen sitt ansvar er å oppfylle retten til grunnskuleopplæring innafor kommunen sine grenser. Kommunen som skuleeigar skal ha eit aktivt og tett samarbeid om opplæringstilbodet til alle grunnskuleelevane som bur i Alver kommune. Eit framhald av dagens løysing for elevane i Åsheimkrinsen vil innebera eit tettare samarbeid mellom kommunane om opplæringa til desse elevane. Dette vil vera med på å sikra at alle elevane i kommunen får eit likeverdig tilbod.

Samla vurdering

Rådmannen foreslår i framlegg til vedtak at ny avtale mellom Austrheim og Alver kommunar om Kaland skulekrins som ein interkommunal skulekrins ikkje vert etablert. Elevar på 1.-7. trinn i tidlegare Åsheim skulekrins får Lindås barneskule som sin nærskule. Austrheim kommune har sagt opp avtalen som regulerer skuletilhøyrigheita til elevar frå tidlegare Åsheim skulekrins. Utgangspunktet for nærskuleprinsippet er at nærskulen skal liggja i bustadkommunen og ein kan ikkje påleggja elevar å gå på skulen i annan kommune. Ein ny avtale om ein interkommunal skulekrets, Kaland barne- og ungdomsskulekrins, vil med utgangspunkt i grunnsats tilsvarende gjesteavtale medføra ei betydeleg auke i kostnadane. Det er og kort reiseavstand mellom elevane frå denne delen av Alver og Lindås barneskule. Lindås barneskule har god kapasitet til å ta i mot elevane frå tidlegare Åsheim krins, og det vil ikkje medføre klassesdeling.

Ein eventuell ny avtale vil regulera ikkje berre dei økonomiske rammene, men og korleis Alver kommune skal følgja opp sine elevar i den interkommunale skulekrinsen. Det er lagt til kommunen å organisera tenestene for sine innbyggjarar. I det ligg og ansvar og oppfølging av retten til opplæring. Det vil vera vesentleg lettare å gje ei helskapleg oppfølging til alle elevane i Alver om dei går på skule i Alver kommune.

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 30.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
063/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
	Alver kommunestyre	

Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til endeleg vedtak planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre gjer endeleg vedtak for framlegg til planprogram kommunedelplan oppvekst – Alver kommune, datert 30/10-2020.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-13

Politisk handsaming:

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg. Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn:

Med bakgrunn i planstrategi 2020-23, utfordringsdokument og strategidokument for Alver kommune er det mellom anna bestemt å setje i gong utarbeiding av kommunedelplan for oppvekst. Samfunnsutvikling ved Plan og Analyse har difor starta opp planarbeid, der første fase er utarbeiding av planprogram.

Saksopplysningar:

I samsvar med reglane i plan og bygningslova §11-12,13 starta prosessen med utarbeiding av kommunedelplan oppvekst med kunngjering av oppstart og offentleg høyring og ettersyn av planprogram.

Sak om offentleg høyring og ettersyn av planprogram vart handsama slik:

045/20 Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020

039/20 Ungdomsråd 12.10.2020

039/20 Eldreråd 12.10.2020

042/20 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020

Alle instansar med positiv innstilling og offentleg høyring og ettersyn vart vedteke.

Etter dette har planprogrammet vorte sendt på høyring og ettersyn til offentlege styremakter og til interne fagetatar. Samstundes vart programmet kunngjort for høyring og ettersyn via avisannonse og kommunen sine heimesider. Frist for å kome med merknad vart sett til 24/10-20. Dette i samsvar med reglane i plan og bygningslova §11-13.

Då høyringsperioden var over vart det registrert tre merknader til planprogrammet.

Det kom merknad frå:

FAU_Knarvik

FAU_Manger
Fylkesmannen i Vestland

Merknadene er vedlagt saka og lista i vedlagt merknadsoversikt. I oversikta er også rådmannen sine kommentarar til merknadene.

Når det gjeld medverknad frå FAU så er dei i planprogrammet nemnd i oversikta over referansegrupper. Men rådmannen tykkjer det er bra at dei melder seg på tidleg i planprosessen gjennom å gje uttale til planprogrammet.

Merknadene frå fylkesmannen går meir på utdjuping av satsingsområda og meir konkret skildring av medverknaden. Rådmannen er samd i at dette kan formulerast annleis , men er samstundes klar på at planprogrammet skal gje ei ramme og ikkje gje for stramme retningsliner for utforming av satsingane planen. Når det det gjeld medverknad så vil rådmannen vise til ei omfattande felles medverknad. Referanse til medverknadsplanen vert difor og teke inn i planprogrammet. (vedlegg) Rådmannen vil også nemne at i samband med overordna planlegging så vert no fagverktøyet «Framsikt» teke i bruk. Gjennom dette er det ei målsetting at planane skal verte meir standardiserte og samstundes ha betre kopling frå kommunedelplanane sin handlingsdel til økonomiplanane. Målsettinga er å få til «den raude tråden» mellom plan og handling/økonomi.

Rådmannen vurderer at planprogrammet, etter noko justering i samsvar med høyringsmerknadane, gjev ei god ramme for det kommande planarbeidet og rår til at det vert vedteke slik det no er framlagt.

Vedlegg i saken:

29.10.2020	Planprogram_framlegg_endeleg vedtak	1466862
29.10.2020	Merknadsoversikt	1466860
29.10.2020	Felles Medverknadsplan	1466861
23.10.2020	Uttale til planprogram for kommuneplan for oppvekst i Alver kommune	1464035
23.10.2020	Innspel til kommunedelplan	1463798
22.10.2020	Høyringsuttale - Planprogram	1463200

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 22.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
064/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
	Alver kommunestyre	
046/20	Eldreråd	09.11.2020
048/20	Ungdomsråd	05.11.2020
051/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.11.2020

Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører ei ordning med 3 ulike prisar som skal anerkjenne innsatsen som vert lagt ned innan kultur, idrett og frivilligheit i kommunen.

Det skal årleg delast ut pris innan kategoriane kultur, idrett og frivilligheit.

Prisane skal vere likeverdige.

Prisane vert delt ut etter utarbeidd retningsline som ligg ved saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, og til uttale i Ungdomsrådet, i Eldrerådet og i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

I møte 01.09.20 gjorde Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtak om at sak «HØYRING - Prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune», sak 047/20, skulle leggjast ut på høyring.

Saksopplysningar:

Alver kommune la saka om «*Prisar til kultur, idrett og frivilligheit*» ut på høyring på kommunen si heimesida med svarfrist 08. oktober. Vidare vart saka lagt ut på fulldistribusjon på «Alver kommune informerer» i Avisa Nordhordland 23. september. Høyringsdokumentet vart også sendt lag/organisasjonar 15. september, samt til Alver kulturråd og Alver idrettsråd.

Kvar dag blir det lagt ned stor innsats av frivilligheit i Alver kommune. Idrett, song/musikk, ungdomsarbeid, friluftsliv og kulturminnearbeid er eksempel på noko av det mange lag/organisasjon og einskildpersonar arbeider for, til beste for m.a. barn og unge.

Frivilligheit Norge sine undersøkingar viser at frivillig arbeid bidrog med ei verdiskaping tilsvarande 75,7 milliardar kroner i 2017 (SSBs satellittrekneskap for frivillig sektor 2019).

Ein slik innsats bør anerkjennast. Prisutdeling er ein måte for Alver kommune å vise ei slik anerkjening på. Tilskotsmidlar kan vere ein annan.

Kulturpris: Ein kulturpris skal vere ein inspirasjon for einskildpersonar, lag og organisasjonar innan kulturfeltet. Prisen skal vere ei oppmuntring til arbeid vidare, og ei verdsetting av personar og lag som har gjort ein framifrå innsats for kulturlivet i Alver kommune.

Idrettspris: Som kulturprisen skal ein idrettspris vere ein inspirasjon, for utøvarar, trenarar og eldsjeler. Prisen skal vere ei oppmuntring til og verdsetting av personar og lag som har gjort ein framifrå innsats for idretten i Alver kommune.

Frivilligpris: Ein frivilligpris kan romme meir enn berre kultur og idrett. Ein frivillegpris kan gå til ein person eller ei gruppe som har gjort ein særskild frivillig innsats over fleire år, uavhengig av om det er innanfor kultur, idrett, helse- eller humanitært arbeid. FN har markert 5. desember som den internasjonale dagen for frivilligheit, for å markere verdien det har i samfunnet. Dagen har vore markert i Radøy, Meland og Lindås tidlegare, og vil bli markert med ulike arrangement i Alver i åra framover.

Stipend: Alver kommune deler i dag ut 3 kulturstipend og 3 i idrettsstipend. Dette er arbeidsstipend retta mot konkrete prosjekt.

Må ein vere busett i Alver? Spørsmål om bustadadresse kjem ofte opp i samband med prisar. Nokon vil meine at det er heilt nødvendig at berre aktørar busett i den aktuelle kommunen kan vere aktuelle for å ta i mot ein pris: Det er viktig å anerkjenne dei som kvar dag engasjerer seg i ulike aktivitetar i Alver kommune, til beste for fellesskapet. Andre igjen vil sjå på korleis ein høyrer til kommunen, sjølv om ein ikkje fysisk bur i kommunen. Døme på dette kan vere ein aktør busett i ein annan kommune, men som driv aktivitet i Alver, eller ein aktør som bur i ein annan kommune, men som har vakse opp i Alver. Skodespelarar, musikarar, forfattarar og idrettsutøvarar med opphav i Alver kan vere døme på dette.

Rangere prisane: Å få ei anerkjening frå eigen heimkommune vil av dei fleste bli oppfatta som ei ære. Det er difor vanskeleg å rangere ein pris framfor ein annan.

Her kan også synet på prisane vere delt. Nokon vil meine at prisane må vere likeverdige, då alt frivillig arbeid skal vurderast likt. Andre igjen vil kunne meine at kulturpris og idrettspris må vere dei høgaste utmerkingane ein kan få.

Ved høyringsfristen 08. oktober, var det kome svar frå 5 lag/organisasjonar og einskildpersonar. Alver idrettsråd representerer 38 lag organisasjonar. Alver kulturråd representerer 47 lag/organisasjonar innan sitt felt.

Alver idrettsråd – datert 30.09.2020

- Alver idrettsråd tilrår utdeling av 3 priser
 - Personar som bur utanfor kommunen, men yter frivillig innsats i kommunen, må kunne få ein pris
 - Idrettsprestasjonar og/eller frivillig arbeid innan idretten må og kunne vurderast som kriterium ved utdeling av kulturprisen
- Personar som bur utanfor kommunen, men yter frivillig innsats i kommunen, må kunne få ein pris
- Idrettsprestasjonar og/eller frivillig arbeid innan idretten må og kunne vurderast som kriterium ved utdeling av kulturprisen

Alver idrettsråd skriv vidare at «...kulturprisen skal etter statuttane vera ei anerkjening for aktiv innsats innan heile kulturlivet og idrettsrådet meiner idretten

er ein stor del av det. Difor meina Alver idrettsråd at personar som utmerkar seg gjennom sine resultat eller sin frivillige innsats og må vurderast som verdige til å ta i mot kulturprisen.

Kommentar: Slik det går fram av høyringsinnspelet til idrettsrådet, kan det synes som om rådet meina at prisane vert rangert, der kulturpris heng høgast. Det er uklart om det er noko dei meina det skal vere eller om det er slik dei tolkar forslaget.

Alver kulturråd – datert 25.09.2020

«...Styret ser positivt på at prisane frå dei gamle kommunane blir koordinert og vidareført i Alver kommune...»

«...Det kan kanskje vere uheldig at prisane som no skal få ny tittel, får innspel på kandidatar som fekk den tilsvarande prisen i den gamle kommunen. Då vil mottakarlistene kanskje repetere seg sjølv...»

Kommentar: Det vil vere eit uheldig signal for Alver kommune å sende at dei som har motteke prisar i ein av dei tre kommunane Lindås, Meland eller Radøy, no vil vere ekskludert frå å få pris i Alver kommune om ein elles er kvalifisert. Jury for dette arbeidet vil ha oversikt over tidlegare mottakarar av priser i dei tre kommunane.

FIL AKS-77 – datert 08.10.2020

Under idrett i punkt

Statuttar for idrettspris i Alver kommune

§4 idrettsprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Beløpet kan unntaksvis bli delt på fleire kandidatar.

Her meina vi i FIL AKS-77 at det må være mogeleg å oppnå stipendet fleire gonger. En idrettsutøver som holder på i mange år, har store utgifter, og må dermed ha mulighet å søke fleire gonger.

Kommentar: Det kan synes som at FIL AKS-77 i si høyringsuttale blanda idrettsstipend og idrettspris. Idrettsstipend kan ein søkje fleire gonger mens ein er aktiv, og er eit arbeidsstipend for idrettsutøvarar. Det er ikkje lagt opp til at ein kan ta i mot t.d. idrettspris meir enn ein gong.

Bjarte Skintveit – datert 15.09.2020

«...Av desse 3 synes eg frivilligpris er viktigast då denne innsatsen kanskje ikkje vert godt heidra som prestasjonar innan idrett og kultur. Vil likevel stilla meg bak at det er vanskeleg å rangera ein pris framfor andre.»

Høyringsuttale: Edru Livsstil Nordhordland – datert 07.10.2020

Edru Livsstil Nordhordland skriv m.a. i sitt høyringsuttale, følgjande;

«...Styret oppmodar difor kommunen om å avgrensa utdeling av slike prisar til ein i året, og føreslår å kalla det kulturpris, anten det er pris for engasjement innan frivilligsektor, idrett eller annan kulturell aktivitet...»

Kommentar: I Alver kommune har vi eit stort mangfald av lag/organisasjonar og einskildpersonar som har si verksemd innan mange ulike kategori av frivillig arbeid, kultur og idrett. Ein pris som skal famne heile dette spekteret vil kunne føre til at det berre er nokre få som i praksis vil kunne bli vurdert til ein slik pris. Prisen vil kunne henge høgt, men kan også framstå som «uopnåeleg» for mange.

Oppsummert: Utifrå høyringsinnspelene som er kome, kan det synes som om fleirtal av respondentane er positivt innstilt å innføre prisar innan kultur, idrett og frivilligheit.

Det utvida kulturomgrepet omfattar både det 'tradisjonelle' området: litteratur, kunst og kulturvern, ungdomsarbeid og idrett, men også skapande fritidsverksemd som kan spele på heile registeret av eigne anlegg og interesser.

Økonomi: Økonomi er ikkje nemnt i retningslina anna enn at prisane som vert delt ut er ein gåve samt diplom. Det vil vere dei til ein kvar tid gjelande økonomiske rammar som avgjer økonomien i dette.

Vedlegg i saken:

29.10.2020	Alver idrettsråd høyring statuttar for prisar 2020	1466773
29.10.2020	FIL AKS 77 Høyring på oppretting av prisar til kultur idrett og frivilligheit	1466792
29.10.2020	Edru Livsstil Høyringsuttale Prisar til kultur idrett og frivilligheit i Alver kommune (L)(222858)	1466793
29.10.2020	Bjarte Skintveit Høyring prisar Alver kommune	1466794
29.10.2020	Alver Kulturråd - uttale prisutdelingar sept 2020	1466799
02.11.2020	Retningsline for kultur idrett og frivillighet i Alver kommune	1467717

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
065/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020

Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne:

Bjørn Steffen Thorsen	Grunnmur, gbnr 23/3	Avslag
Bjørn Tore Nordeide	Våningshus, gbnr 455/7 Kartveit	50 000 kr
Nina Bortne	Naust, gbnr 468/3 Askeland på Radøy	45 000 kr
Vågenes bygdelag	Vågenes bedehus, gbnr 429/11/1	40 000 kr
Meland mållag	Elias Mjåtveit-huset	50 000 kr
Laila Bjørge	Kvernhus, gbnr 241/3, Bjørge	10 000 kr
Aina Isdal Haugland	Lemstove, gbnr 185/5, Isdal	24 000 kr
Kjersti Isdal	Lemstove, gbnr 185/7, Isdal	30 000 kr
Cato Pisani Danielsen	Gamleskulen på Eikanger, gbnr 213/61	Avslag
Elin Signe Askvik	Utløe, gbnr 236/20 Askvik	21 000 kr
Helge Kolås	Naust ved Hallandsvatnet, gbnr 462/2 Kolås	30 000 kr

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Kommunestyret i Alver kommune vedtok i møte 19. desember 2019 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne, som hadde søknadsfrist 1. september.

Det er sett av 300 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden.

Saksopplysninger:

Retningslinjene for tilskotsordninga seier at den skal bidra til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Alver kommune i privat eige. Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan og verneverdige kulturminne som ligg i omsynssone for kulturminne skal normalt prioriterast. Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kulturminneansvarleg i Alver kommune.

Det kom inn 11 søknader til denne ordninga.

Vurdering av søknadene

1. Bevaring av grunnmur, gbnr 323/3, Frekhaug (Vikane gard)

Bjørn Steffen Thorsen søker om tilskot på 483 000 kroner til bevaring av kjellarmur på gbnr 323/3 på Frekhaug. Muren vert bygd inn under terrassen på det nye våningshuset på eigedomen, og nytta til utebod.

Søklar sølte i 2016 om å riva ei eksisterande lemstove på eigedomen og byggja nytt hus på eigedomen. Kulturavdelinga i Meland vurderte denne lemstova til å ha høg lokal verneverdi då den var ei av få lemstover som stod att på Frekhaug. Meland kommune sette difor som vilkår i dispensasjonen at grunnmuren på den gamle lemstova skulle takast vare på. I det endelege byggjeløyvet (389/2016) har søklar fått løyve til å plassera det nye huset delvis oppå grunnmuren slik at berre om lag halve grunnmuren frå den gamle lemstova står att. Søklar opplyser at meirkostnaden ved å ta vare på muren er om lag 680 000 kroner. Dette inkluderer mellom anna grunnarbeid, støyp- og betongarbeid, konstruksjon og teiknearbeid.

Det er berre delar av den gamle grunnmuren som er bevart. Den står heilt inn til det nye huset og bygd inn under terrassen. Muren er slik lite synleg, framstår som lite autentisk og ivaretar i liten grad opplevingsverdien av kulturminnet. Restaureringa er heller ikkje i tråd med antikvariske prinsipp. Det er ikkje kulturminneplan for området, og muren er ikkje plassert i omsynssone for kulturminne. Sjølv om eigar har fått pålegg om å ta vare på muren meiner rådmannen at denne søknaden ikkje bør prioriterast.

2. Restaurering av tak på våningshus, gbnr 455/7 Kartveit

Bjørn Tore Nordeide søker om 50 000 kroner til restaurering av tak på våningshus på gbnr 455/7 Kartveit. Det er lekkasje i taket og mønsåsen har roteskader og har gjeve etter for takvekta og sige ned. Det er difor naudsynt å fjerna torv, takpapp, sutak og sperr på begge sider slik at ein kjem til og får lagt inn ny mønsås og reparert taket. Totalkostnaden på tiltaket er 105 000 kroner.

Dette våningshuset blant dei mest autentiske og best bevarte våningshusa i Alver kommune. Huset er ein god representant for den typiske byggeskikken på Vestlandet med fleire tømmerkassar som er bygde saman, vernemur på eine kortsida og torv på taket. Bygget står i eit svært verdigfullt kulturmiljø som er plassert i verneklasse A i kulturminneplanen for Radøy kommune. På bakgrunn av dette har våningshuset og kringliggjande bygningar fått omsynssone for bevaring av kulturminne og kulturmiljø (H570)

i kommuneplanen for Radøy.

Rådmannen gjer framlegg om at Bjørn Tore Nordeide får kr 50 000 kroner i tilskot til restaurering av taket på huset. Dette utgjer om lag 48 % av totalkostnaden.

3. Restaurering av naust, gbnr 468/3 Askeland på Radøy

Nina Bortne søker om 50 000 kroner til restaurering av naust på gbnr 468/3 Askeland på Radøy. For å berga naustet må tak og vegger tettast og berande konstruksjonar rettast opp og sikrast. Totalkostnaden er stipulert til om lag 220 000 kroner.

Naustet er eit grindbygd naust på tørrmur med originale stavar og betar sannsynlegvis frå byggjeår på 1800-talet. Naustet er ein del av eit større naustmiljø med mellom anna fleire naust, kai, smie og dampskipskai. Naustet er plassert i verneklasse C i kulturminneplanen for Radøy kommune. Området ligg innanfor den indre farleia, som er eit kulturlandskap av nasjonal interesse, men i kommuneplanen for Radøy er ikkje dette omsynssone.

Rådmannen gjer framlegg om at Nina Bortne får kr 45 000 kroner til istandsetjing av naustet på Askeland. Dette utgjer om lag 20 % av totalkostnaden.

4. Restaurering av Vågenes bedehus, gbnr 429/11/1

Vågenes bygdelag søker om kr 40 000 i tilskot til skifte av kledning og vindauge på Vågenes bedehus. Totalkostnaden for prosjektet er kr 337 000.

Vågenes bedehus er det eldste, ståande bedehuset på Radøy og vart på bakgrunn av det plassert i verneklasse B i kulturminneplan for Radøy. Bedehuset er ute av bruk som bedehus, men er overtatt av Vågenes bygdelag som brukar det som grendahus for bygda.

Rådmannen gjer framlegg om at Vågenes bygdelag får kr 40 000 i tilskot til restaurering av Vågenes bedehus. Dette utgjer om lag 12 % av totalkostnaden.

5. Demontering, dokumentasjon, loggføring og merking av Elias Mjåtveit-huset

Meland mållag søker om 50 000 kroner til eit første del av prosjektet som går ut på å berga Elias Mjåtveit sitt hus ved å ta det ned, flytta og setja det opp på ny plassering der det skal brukast som eit ålment kulturbygg.

Det er gjeve rivingsløyve for bygget og det er sett som vilkår at bygget skal lagrast forsvarleg fram til ny tomt er avklara. Meland mållag søker no om midlar til første del av prosjektet som handlar om demontering, reingjering, dokumentasjon, loggføring og merking av alle bygningsdelane. Det er funne lokale til lagring av bygget fram til ny tomt er klar og finansiering av siste del av prosjektet er på plass. Totalkostnaden for denne delen av prosjektet er om lag 179 000 kroner.

Elias Mjåtveit var lyrikar, folkeminnesamlar, folkeopplysar, samfunnskritikar, religionsfilosof og spelemann og ein viktig kulturpersonlegheit lokalt og regionalt. Huset skal også vera den einaste gjenverande husmannsplassen i tidlegare Meland kommune. På bakgrunn av dette vert det vurdert at bygget har høg kulturminneverdi.

Rådmannen gjer framlegg om at Meland mållag får 50 000 kroner i tilskot til prosjektet.

Dette utgjer om lag 28 % av totalkostnaden.

6. Restaurering av kvernhus, gbnr 241/3, Bjørge

Laila Bjørge søker om kr 10 000 i tilskot til restaurering av kvernhus på Bjørge. Planen er å restaurera taket, sloket og montera klure på kvernsteinane. Totalkostnaden på prosjektet er 55 000 kroner.

Kvernhuset på Bjørge er datert til 1663. Både kvernkall og kvernsteinar er i orden og kvernhuset kan brukast når det er nok vatn i elva. Bygget kan såleis nyttast til å demonstrera korleis kornmaling kan gå føre seg i praksis. Det vert vurdert at bygget i kraft av høg alder, autentisitet og bruksverdi har høg kulturminneverneverdi jamvel om det ikkje har formelt vern etter plan- og bygningslova.

Rådmannen innstiller på at Laila Bjørge får kr 10 000 til tiltaket. Dette utgjer om lag 18 % av totalkostnaden.

7. Ny dør på lemstove, gbnr 185/5, Isdal

Aina Isdal Haugland søker om kr 39 000 kroner til å få produsert ny ytterdør til bygget. Det skal lagast ein kopi av ei gamal dør som vart funne i løa. Totalkostnaden for tiltaket er kr 49 000 kroner.

Lemstova på Isdal er ein av bygningane i klyngetunet på Isdal. Innmarka vart utskifta kring 1860, men grensene vart lagt slik at berre nokre få av husa måtte flyttast. Det gjer at husa fortsatt ligg samla. Denne og dei andre lemstovene på Isdal er vedlikehaldne med omhug av eigarane, og mange av dei historiske kvalitetane i tunet er tekne vare på. Klyngetunet på Isdal har omsynssone H570 (bevaring av kulturmiljø) i kommuneplanen for Lindås.

Jamvel om retningslinene for tilskotsordninga seier at dette er eit tiltak som skal prioriterast, bør ikkje kommunen gje tilskot som dekkjer meir enn 50 % av utgiftene. Rådmannen innstiller difor på at Aina Isdal Haugland får kr 24 000 kroner til tiltaket, noko som utgjer om lag 49 % av totalkostnaden.

8. Restaurering av lemstove, gbnr 185/7, Isdal

Kjersti Isdal søker om kr 30 000 i tilskot til restaurering av lemstove på gbnr. 185/7 Isdal. Midlane skal nyttast til restaurering av yttervegg, kopi av to ytterdører, materialar og maling.

Lemstova på Isdal er ein av bygningane i klyngetunet på Isdal. Innmarka vart utskifta kring 1860, men grensene vart lagt slik at berre nokre få av husa måtte flyttast. Det gjer at husa fortsatt ligg samla. Denne og dei andre lemstovene på Isdal er vedlikehaldne med omhug av eigarane, og mange av dei historiske kvalitetane i tunet er tekne vare på. Denne lemstova var også portgard. Klyngetunet på Isdal har omsynssone for bevaring av kulturmiljø i kommuneplanen for Lindås.

Rådmannen rår til at Kjersti Isdal får kr 30 000 i tilskot til restaurering av lemstova på Isdal. Dette utgjer om lag 20 % av totalkostnaden.

9. Dør på gamleskolen på Eikanger, gbnr 213/61

Cato Pisani Danielsen søker om 50 000 kroner til gamleskolen på Eikanger. Midlane skal

nyttast til å få laga dobbelsidig dørbord, tilpassa original karm der ytterdøra på gamleskulen var før dei bygde til.

Gamleskulen på Eikanger vart bygd i 1889 og brukt som skule fram til 1953. Bygget er godt bevart og vedlikehalde, og eigar har nyleg gjort ein stor jobb med å restaurera dei gamle vindauga og setja inn varevindauga. Bygget vert i dag nytta til mellom anna til målekurs, kunstgalleri og kulturkveldar.

Det er eit prinsipielt spørsmål om ein skal gje tilskot frå denne ordninga til innvendige tiltak i bygg. Rådmannen meiner at ein normalt berre bør gje tilskot til utvendige tiltak og tiltak som gjeld bærekonstruksjonen, og at dette kun bør fråvikast i heilt spesielle tilfelle. Rådmannen rår difor til at dette tiltaket ikkje vert gjeve tilskot frå denne ordninga. Bygget er ikkje prioritert i kulturminneplan og har ikkje omsynssone i kommuneplanen.

10. Utløe, gbnr 236/20 Askvik

Elin Askvik søker om 26 000 kroner i tilskot til restaurering av ei lita, grindbygd uteløe på Askvik. Totalkostnaden er 59 250 kroner.

Bygget har ikkje formelt vern, men er ei av få få utløer som er att i dette området og vert såleis vurdert som viktig å ta vare på. Bygget er ikkje prioritert i kulturminneplan og har ikkje omsynssone i kommuneplanen.

Rådmannen rår til at Elin Askvik får kr 21 000 kroner til istandsetjing av utløa.

11. Naust ved Hallandsvatnet, gbnr 462/2 Kolås

Helge Kolås søker om 30 000 kroner til restaurering av naust ved Hallandsvatnet. Midlane skal nyttast til å restaurera og sikra taket.

Bygget er oppført i tørrmur, med båtopptrekk i gavlveggen i nordvest inn på hellande steinsett golv. Garden Kolås hadde ikkje eigne torvmyrer, og måtte ro fleire kilometer for å ta torv på ein annan gard. Naustet vart difor også nytta til lagring av torv og også til lagring av mold.

Bygget er plassert i verneklasse C i kulturminneplanen for Radøy kommune.

Rådmannen rår til at Helge Kolås får 30 000 kroner til restaurering av naustet på Kolås. Dette utgjer om lag 23 % av totalkostnaden.

Vedlegg i saken:

06.08.2020	Grunnmur gbnr 23/3 Frekhaug - Søknad om tilskot	1427386
27.08.2020	Våningshus 455/7 Kartveit - Søknad om tilskot til restaurering av tak	1436422
27.08.2020	Våningshus gbnr 455/7 Kartveit - uttale Kulturverntenesta i Nordhordland	1436424
27.08.2020	Våningshus 455/7 Kartveit - Prisoverslag hus Kartveit	1436423
31.08.2020	Naust gbnr 468/3 Askeland - søknad om tilskot	1437685
31.08.2020	Naust gbnr 468/3 Askeland - uttale Kulturverntenesta i Nordhordland	1437686
31.08.2020	Naust gbnr 468/3 Askeland - Kostnadsoverslag	1437687
01.09.2020	Vågenes bedehus gbnr 429/11/1 - Søknad om tilskot	1438304
01.09.2020	Vågenes bedehus gbnr 429/11/1 - uttale Kulturverntenesta i Nordhordland	1438305
01.09.2020	Vågenes bedehus gbnr 429/11/1 - utfyllande info og kostnader	1438306

01.09.2020	Vågenes bedehus gbnr 429/11/1 - tilstandsrapport	1438307
02.09.2020	Elias Mjåtveit-huset - søknad om tilskot	1439219
02.09.2020	Elias Mjåtveit-huset - kostnadsoverslag og finansieringsplan	1439245
02.09.2020	Kvernhus Bjørge gbnr 241/3 - søknad om tilskot	1439256
02.09.2020	Kvernhus Bjørge gbnr 241/3 - kostnadsoverslag	1439255
02.09.2020	Kvernhus Bjørge gbnr 241/3 - bilete	1439257
02.09.2020	Lemstove gbnr 185/5, Isdal - søknad om tilskot	1439268
02.09.2020	Lemstove, gbnr 185/5 Isdal - Tilstandsvurdering og tiltak Isdal	1439269
02.09.2020	Lemstove gbnr 185/7 Isdal - søknad om tilskot	1439274
02.09.2020	Lemstove gbnr 185/7 Isdal - Prosjektskildring	1439275
02.09.2020	Lemstove gbnr 185/7 Isdal - uttale Kulturverntenesta i Nordhordland	1439514
12.10.2020	Gamleskulen på Eikanger, gbnr 213/61 - søknad om tilskot	1457688
08.09.2020	Uteløe gbnr 236/20 Askvik - søknad om tilskot	1442274
08.09.2020	Uteløe gbnr 236/20 Askvik - Kostnadsoverslag	1442272
08.09.2020	Uteløe gbnr 236/20 Askvik - historikk	1442273
22.09.2020	Naust gbnr 462/2 Kolås - søknad om tilskot	1448476
22.09.2020	Naust gbnr 462/2 Kolås - prosjektplan og kostnadsoverslag	1448477

Arkiv: <arkivID>
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 30.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
066/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
	Alver kommunestyre	

Prioritering av søknader om spelemidler 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2021 slik det ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Spelemidler er ei tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Midlane er overskot frå Norsk tipping. Det kan søkjast om støtte til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg. Ordinære anlegg er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett, fysisk aktivitet, og friluftsliv. Nærmiljøanlegg er anlegg, eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Berre utandørsanlegg kan vera nærmiljøanlegg.

Alle innkomne spelemiddelsøknader, både søknader for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, skal vera omtala i anleggsstrategien/kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og prioriterast gjennom eit politisk fatta vedtak. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling utifrå ramme gitt av Kulturdepartementet.

Det er kome inn 25 søknader om tilskot til ordinære anlegg og 18 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg i Alver kommune.

Søknadsprioriteringa er i samsvar med Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Strategien vart rullert i kommunestyret 17.september sak 092/20.

Saksopplysningar:

Ordinære anlegg

Eit ordinært anlegg kan få inntil 1/3 av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I ordninga for ordinære anlegg må ein søkja minst tre gonger (tre år) for kvart anlegg før det kan få tildelt midlar. Dette gjeld uavhengig av kommunen si prioritering av innkomne søknader. Alle søknader må likevel stå på prioriteringslista, sjølv om dei ikkje kan få tilskot dette året.

Søknadene er prioriterte ut frå om dei er i posisjon for å få utbetaling i 2020, etter tre års minste ventetid, og *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024* sitt prinsipp om balanse av mellom private og offentleg søknader.

Rådmannen foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	Driving range, oppgradering, takoverbygg med øvingsområde	Meland Golf og Naturpark, Fløksand	Meland golf	2019	700 000
2	Garderobebygg	Austmarka	Radøy idrettslag	2019	1 827 000
3	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Stokkedalen	Radøy skyttarlag	2019	765 000
4	15 meter miniatyrbane	Seim	Seim skyttarlag	2019	1 800 000
5	Knarvik Arena – fleirbrukshall	Knarvik	Alver kommune	2018	10 400 000 (2 000 000 er allereie delutbetalt)
6	Fossemyra fotballhall 40x64m	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	5 000 000
7	Etablering av lager	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	1 000 000
8	Rehabilitering av grasbane	Hordabø	Hordabø IL	2020	135 000
9	Hus for drift og materiell	Hordabø	Hordabø IL	2020	848 000
10	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	2 360 000
11	Standplass	Lindås	Lindås skyttarlag	2021	1 000 000*
12	Klubbhus	Lindås	Lindås skyttarlag	2021	300 000*
13	Kunstgrasbane 9'ar	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL	2021	658 000
14	Basishall /turn	Alversund	Alver kommune	2020	4 000 000
15	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	2020	10 500 000
16	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	2020	60 000
17	Lyssett turveg	Manger	Alver kommune	2021	1 427 000
18	Klubbhus	Stokkedalen	Radøy skyttarlag	2021	1 705 000
19	Rehabilitering basseng og	Radøyhallen	Alver kommune	2020	283 000

20	bygningssmasse Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	2020	300 000
21	Aktivitetssal	Sagstad skule	Alver kommune	2020	1 049 000
22	Orienteringskart	Eikanger/Baståsen	Idrettslaget Gular Orientering	2021	168 000
23	Dagsturhytte	Eldsfjellet	Alver kommune	2021	390 000
24	Dagsturhytte	Byngja	Alver kommune	2021	385 000
25	Dagsturhytte	Vardefjellet	Alver kommune	2021	385 000
					47 445 000

*Søknadssummene er ikkje heilt avklart. Kan verta justert.

Nærmiljøanlegg

Eit nærmiljøanlegg kan få inntil 50 % av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I denne ordninga kan ein få tilskot første gong ein søker. Kommunen si prioritering og den totale ramma i fylket vert såleis avgjerande for kva anlegg som får midlar. Prioriteringa under er i tråd med prioriteringsrekkefølga i *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024*:

Rådmannen foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	BMX-bane	Alversund skule	Alver kommune	2020	300 000
2	Utandørs bordtennisbord	Alversund skule	Alver kommune	2020	45 000
3	Rehabilitering ballbinge	Sæbø skule	Alver kommune	2020	110 000
4	Aktivitetsområde	Austebygd skule	Alver kommune	2020	169 000
5	Hinderløype	Leiknes skule	Alver kommune	2020	300 000
6	Sykkelbane	Leiknes skule	Alver kommune	2020	300 000
7	Utandørs bordtennis	Eikanger skule	Alver kommune	2020	46 000
8	Klatrevegg	Eikanger skule	Alver kommune	2020	76 000
9	Aktivitetsområde	Alversund skule	Alver kommune	2020	266 000
10	Baderampe	Nesvatnet	Alver kommune	2021	53 000
11	Minibane kunstgras	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	300 000
12	Pump track	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	250 000
13	Buldrestein	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	165 000
14	Trimpark	Grønålen, nordre sving	Manger Idrettslag	2021	75 000
15	Lysanlegg fleiraktivitetsområde	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	104 000
16	Utandørs	Grønålen,	Alver kommune	2021	170 000

	treningsapparat/ parkouranlegg	sørenden			
17	Aktivitetsanlegg	Sæbø skule	Alver kommune	2021	300 000
18	Fleiraktivetsområde	Manger skule	Alver kommune	2021	280 000
					3 309 000

Saka har vore på høyring til Alver idrettsråd, som støttar rådmannen si innstilling.

Oversyn tidlegare års tildelingar

Ordinære anlegg 2020

Søkjar	Søknad	Tildelt
Nordhordland pistolklubb	Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg	690 000
Alver kommune	Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering	1 308 000
Alver kommune	Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett	149 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, fotballhall	600 000
Alver kommune	Knarvik Arena, klatrehall	3 000 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett	276 000
Alver kommune	Knarvik Arena	2 000 000
		8 023 000

Nærmiljøanlegg 2020

Søkjar	Søknad	Tildelt
Alver kommune	Knarvik barneskule, streetbasket	289 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, skating og sykling	300 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde	53 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestsida	300 000
Alver kommune	Frekhaug torg, aktivitetsområde	300 000
Alver kommune	Meieriparken	266 000
Alver kommune	Sagstad skule, parkour/klating/trimpark	89 000
Alver kommune	Sagstad skule, fleirbruksanlegg	241 000
Alver kommune	Alversund, minibane multisport	300 000
Alver kommune	Alversund skule, tursti	600 000
		2 738 000

Ordinære anlegg 2019

Søkjar	Søknad	Tildelt
Nordre Holsnøy IL	Vestbygd skule, kunstgrasbane 29m x 49m	583 000

Radøy kommune	Radøyhallen, lager	180 000 763 000
---------------	--------------------	---------------------------

Nærmiljøanlegg 2019

Søklar	Søknad	Tildelt
Lindås kommune	Seim skule hinderløype	273 000
Lindås kommune	Seim skule zip line	273 000
Lindås kommune	Kvamsvågen sanitæranlegg	177 000
Lindås kommune	Kvamsvågen gapahuk	111 000
Lindås kommune	Hillandsvatnet baderampe	169 000
Lindås kommune	Knarvik ny barneskule turnapparat	300 000
Austebygda fritidspark	Austebygd Fritidspark BMX bane	118 000
Radøy kommune	Sæbø skule - aktivitetsanlegg (ballspel)	48 000
Radøy kommune	Grønålen, bocciabane	165 000
Radøy kommune	Radøy ungdomsskule, balanseline	46 000
		1 680 000